

# Innspel til valg av veg trase ved ny E39 Isdal – Aase



Arild Aase 3 mars 2017

# Forord

- Først vil eg rette ein takk til Statens vegvesen som ta vil med innspela i ein videre vurdering av alternativ vegutløsysing for ny E39. Det har ikkje vore enkle dagar og netter etter at eg den 27 februar i år fekk vite at Statens Vegvesen har i ein av planan sine tenkt å dele garden min (Aasegarden) i to, med ein fleire felts motorveg. Eg er ein blant flere grunneigarar som ikkje har lese lokalavisa og fått med oss at vegvesenets innspel til Kommuneplanen for ny E39, er under planlegging i vårt område. Dermed har vi ikkje fått komme med innspel for våre interesser for eigedomane våre.

# Klage på handsaming

- Finner det urimeleg at interessehavere og grunneigarear ikkje er involvert i siling av alternativer. Kva er meinингa med siling når ein ikkje har grunn informasjon om alternativa?
- Vegvesenet informerer om at forslaga er i regi av kommuneplanen og kommunen. Dermed krev berre varsel i aviser.
- Landbrukskontoret ikkje innvolvert. Landbrukssjef i Lindås har ikkje vore involvert i silingsrapport og heller ikkje fått kommentert forslaga i "kommuneplanen".
- Bondelaget ikkje involvert i henhold til jordvernloven.
- Ser at ein av forslaga til vegutløysing ved Aase kan være aktuelt, er at det vil skape muligheter for næringsareal. Dette er ei sak som vi grunneigarar har hatt pågåande i fleire år med kommunen, men det er ingen av grunneigarane som ynskjer ei slik utvikling i jordbruksareala på Aase.

# Aase bnr186/2



# Aase før og no

- På Aase er det vore bebuelse langt tilbake i tid. Mi slekt på Aase kan eg leite tilbake til 1600 tallet.
- I dag er det fem gardsbruk på Aase .
- Stor landbruksbygd i Lindås med gode jordressursar og varierande terreng. Vatn, fjell og eng.
- Det bur ca 20 personer på Aase
- Garden har hatt den største mjølke og kjøtt produksjonen i kommunen i tida før samdrifter.
- I dag det største hestesenteret i Nordhordland.

# Aasegarden (garden i dalen)



# Jordvern i Norge

- **Jordvern**
  - Jorda er utgangspunktet for all produksjon i landbruket. Noen matvarer kan spises direkte fra jorda, som grønnsaker, frukt, bær og korn, men også maten som dyrene i landbruket spiser dyrkes på matjord.
  - Fakta om matjord i Norge:
    - I 2015 hadde Norge litt over 8 millioner dekar dyrka mark
    - Det utgjør 3 prosent av arealet
    - I årene 2000 til 2015 ble det norske fulldyrka arealet redusert med 750 000 dekar
    - Bare én prosent av landarealet vårt er av så god kvalitet at det kan dyrkes korn der.
  - I 2015 hadde Norge litt over 8 millioner dekar dyrka mark. Dette utgjør bare tre prosent av det norske landarealet. Til sammenligning består hele 66 prosent av Danmark av dyrka mark. Bare én prosent av landarealet vårt er av så god kvalitet at det kan dyrkes korn der.
  - Den aller beste norske matjorda finner vi i dag i tilknytning til noen av de største byene våre på Østlandet, Jæren og rundt Trondheimsfjorden. I og med at dette er vekstområder er også presset stort i disse områdene på å omdisponere matjorda til andre formål som veier og annen infrastruktur, næringsbygg og boliger.
  - Kilde :Norges Bondel

# Jordforbetring

- Jordforbetring og drenering er et kontinuerlig arbeid på Aasegaerden som gjer at vi har dei beste forutsetningane for å drive med jordbruk. Dette har vore utført i generasjoner.



# Jordbruk

- Produksjon av grovfor(høyensilasje) og surfor til hest, sau og strofe.
- Bileta er tatt under slåtten sommer 2016 i Stegamyre. Stegamyre er ei fulldurka eng som har avrenning mot Langavatnet. Ligg i eit stille og fredeligt område parallelt med Langavatnet. Dette er ei av dei næringsrike myrane på Aase ca 20 dekar som gjev god avling.
- I følge Vegvensenet sine planar vil enga bli stort fysisk berørt og området skjemd med forurensande trafikk.
- Ei av de beste engene vil da ikkje kunne brukes lenger.
- Her er beiter stor bestand av hjort i området. Jakt og fiske er populært i arealet.



# Arbeidsplass for mange

- Gjennom dei siste 20 åra er det titals personer som har hatt eit arbeid på Aasegarden. Dette i form av mjølking, skogsarbeid, slåttonn, hundeinstruksjon, hesteinstruksjon og jordforbetring.
- Vel 15 avløysarar har arbeid både deltid og fulltid med fast ansettelse i gardsdrifta.

Også skuleungdom fra Knarvik videregåande skule har dagleg arbeid med byggfag på garden.



# Skogbruk

**Vi driv aktivt skogbruk og skogspleie på Aase.  
Her er bilete fra motorsagkurs for ungdom  
på Aase i april 2016.**



**Uttak av skog 2017**

# Langavatnet, Litlavatnet og Tredalsvatnet(sjeldent idyll)

- Det ligg tre vatn i eit felles vassdrag som renn nord mot Fisketangen på Seim.
- Dette er drikkevatnet vårt og til dyra på garden.
- Vatnet er også nytta av mange fritidsfiskarar som skryt av rekreasjonen i det vakre og stille området.
- For oss som ikkje bur langs sjøen, er vatna ein stor ressurs.
- Det er også fine fritidsmuligheter i vatna som skular og barnehagar i distriktet har brukt gjennom alle tider.
- Langavatnet renn til Litlavatnet og vidare til Tredalsvatnet. Elvene i mellom er naturlege og lagar fint sildrande vatn.
- Vatnet inneheld større ørret og gjedde. Det har tidlegare vore observert vannkreps i vatna.
- For oss som bur på Aase er Langavatnet ein samlepunkt, der vi tar ein dukkert etter lange harde arbeidsdagar i slåtten. Om vinteren kan det hende vi går på skøyter.
- Dei fleste som bur på Aase og andre har nok lært å symje i langavatnet.
- Det er et yrande fugleliv i vatna. Ender, Svaner og Hegre er representert.



# Nordhordland Hundeklubb

- Nordhordland Hundeklubb har hatt Aasegarden som tillhaldsstad i over 15 år.
- Klubben har mange medlemmer og driv trening, kursing og arrangerer stevner. Klubben har utendørs bane og klubbhus.
- Det planlegges innendørs bane i 2017.
- Det er stillheten og naturen på Aasegarden som gjev Nordhordland Hundeklubb disse mulighetene i Nordhordland.
- Hund har dei siste åra vorte veldig populært for personer i alle aldre.
- Også andre hunde instruktører innen sporthund og brukshund trener på beiter og i skogen på Aasegarden.



Bildene er frå eit stort stevne ei sommer helg 2016, der det var over 100 startende deltakere fra heile Noreg.

# Hest i fokus

- Aasegarden hestesenter vart starta i 1998 og har dreve med utleie av stallplass (21 stk), rideundervisning, rideskule og konkurranser. Større arrangement med fokus på landbruk og hest er også arrangert.
- Nordhordland Hestesport klubb har hatt tilhald og klubhus på Aasegarden i fleire år.
- Travsporten er også ein del av garden som krev gode veg strekk og trygge omgivelser.





Aasegarden er rekna som den ideelle plassen å drive med hestesport i Nordhordland. Det er vakkert med fjell og vatn, samt gode veger rundt slåtteareala og på beiter. Det er stille og trygge omgivelser med lite trafikk, berre et steinkast unna Knarvik. Ride og travsporten krev trygge omgivelser og ingen sjenanse fra naboer, for å kunne ivareta god håndtering av hesten. Dette er ein av Aasegarden sine verdier. Vi har hatt størst trykk av kunder fra Bergen og Åsane de 19 åra vi har vore i drift. Grunnen er at ridesentra i Bergensområdet har mange års ventelister, samt at de har få muligheter for å øke kapasitet på grunn av bebyggelse og trafikk.

## Trygg og sikker instruksjon i godt hestemiljø



## Landlig tur riding uten støy og trafikk.



# Knarvik MC klubb

- Knarvik MC klubb har arrangert MC treff på Aasegarden 9 år på rad. Det har vore MC entusiaster fra inn og utland på treffa.
- Da er det fest og musikk i heile dalen.
- MC klubben liker Aasegarden for roen og sentral beliggelse. Dei har heller ingen andre muligheter i området.



# Vår framtid

- Oppstart med sau hausten 2017
- Utvikle hest og hunde aktiviteter
- Muligheter for samdrift etter dagens krav til mjølkeproduksjon, nybygg.
- Garden som aktivitetsområde for aktivitet som ikke kan utførast andre steder i lokalmiljøet.
- Jordbruk og mat.
- Asegarden ei grønn lunge i nærmiljøet til Knarvik, Seim og Alversund.
- Landbruksbarnehage med fokus på matproduksjon fra jord til bord.
- Idrettsaktiviteter som krever større areal og roligere forhold enn det er plass til i Knarvik.



# Viktige arealer og framtida

- I 2016 har vi deltatt på kurs gjennom Landbruksrågivinga for å planlegge nye næringar og videre skjøtsel av garden.
- Formålet var å sjå på vårt ønske om å starte landbruksbarnehage på Aasegarden.
- Aase ligg tett mot Knarvik, Alversund og Seim.
- Landbruksbarnehagen sine verdiar skal være at born i tidleg alder får lære å dyrke frukt, grønsaker, samt dyrestell og verdien av stille og rolige områder.
- I samspel med natur og norsk matproduksjon.
- Vi treng heile garden for videre utvikling av våre planer med ridehall og hundetrening anlegg.
- Landskapspleie for sau er også vår framtidige plan.
- Dette er aktivitetar som ikkje kan utførast alle stader sentralt i kommunen.
- Vi bygger garden videre på mangfold av landbruk og frilufts interesser.



På tvers, midt på enga er det Vegvesenet har skissert ei deling av garden, med fleire felts motorveg.



# Turområdet

- Fra Aasegarden kan ein gå mot Fossefjellet, Vassberget, Isdalfjellet, Indregardsfjellet, Erstad fjellet og Gladihaug.
- Alle turane er fine og gjev god utsikt over Nordhordland.
- Over Aasegarden går det fleire merka turstier i terrenger der vegvesenet ser på veg utløysing. Dette vil ødeleggje den fine opplevelsen og roen som er i området i dag.
- Turlaget og barnas turlag har ofte arrangert turar til Aase eller fra Aase.
- Friluftsliv og bål ved Langavatnet vil være over dersom ny veg kjem i området.

# Fakta om garden

- 120 dekar fulldyrka slåtteareal, 120 dekar beite, 330 dekar produktiv skog og ca 10 dekar anna areal.
- Enga er lettdreven og flat. Ligg godt tilrette rundt driftsbygget. Heller sjeldan i vårt distrikt.
- Garden har hatt den største mjølke og kjøtt produksjonen i kommunen i tida før samdrifter.
- Viktig kulturhistorisk gard med lange jordbrukstradisjoner tilbake til 1600 tallet. Holder på med bygging av jordbruksmuseum på garden, for å ivareta gammle skikkar og redskap fra gamle tider. Viktig for framtidig landbruk, siden utviklingsmulighetene er gode i området, dersom ikke det legges asfalt på alt.
- Vegen vil ødeleggje landbruksmulighetene for mine barn og videre generasjoner i vårt distrikt.
- Dagleg arbeid på garden er ikke berre i driftsbygget. Eg har veier rundt alle slåtteareala, som eg dagleg bruker i drifta med jordforbetring og skogdrift. Det er også mykje arbeid med håndtering av hestegjødsel som blir blanda med jord ved jordforbetring.
- Salg av grovfor og spon til lokale bønder og hestefolk i distriket.
- Heile garden er i bruk, og nokre områder er det nye planer for. Utvikling av hestesenteret krever ridehall og meir tilrettelagte veger for riding og trav.

**Et pust i bakken....**



# Til Vegvesenet og Lindås Kommune


- Den mulige vegtraseen vil gjere slutt på det drifta og knuse våre framtidige planar og draumar om dyr og jord. Den vil beslaglegge dei beste jordbruksareala i distriktet og hindre landbruk for neste generasjon og **all framtid.**
- Videre generasjoner vil ikkje kunne ha mulighet til å leve av å produsere mat på Aase eller lokalt, dersom hensyn ikkje vert tatt.
- Det er også ynkelig å sjå kor lite respekt det er i å planlegge eit prosjekt som river sund eit landskap, arbeidsplasser og sunne interesser, som har vore bygd Stein for Stein gjennom hardt arbeid, i generasjoner. Eg meiner det må finnast andre løysninger for vegtrase som vil føre livet videre, sjølv for Vegvesenet.




# Forslag

- Vegvesenet ser på andre muligheter utenom Aase.
- Tunnell løsninger som ikke går ut over landbruk og framtidige landbruks utviklingsarealer.
- Trekke vegstrekket parallelt i tunell med eksisterande veg fra Aase til Isdal og videre over eksisterande E39 ved grensa mellom Aase- Isdal, inn i fjellet under Isdal felles og direkte til Hjelmås.

# Trase V8 som er tilråd fra vegvesenet gjennom Aase gnr 186/bnr 2




# Trase V7C som er tilråd fra vegvesenet gjennom Aase gnr 189/bnr 2



# Forslag alternativ 1



# Forslag alternativ 2



# Forslag alternativ 3

